





Foreldrehandbok for foreldre på Hjartdal Montessoriskule

Skuleåret 2025/2026

Velkommen som elev og føresett hos oss ved Hjartdal Montessoriskule!

I foreldrehandboka finn de nyttig informasjon for elevar og foreldre, som me forventar at de alle les og er oppdatert på. Det er med på å danne grunnlag for eit godt samarbeid mellom heim og skule. Det kan vere lurt å ta vare på dette informasjonsheftet, tilfelle du lurar på noko seinare.





Fyrste skuledag:

Fyrste skuledag etter sommarferien er måndag 18. August 2025.

Elevlar i 2.-7. trinn møter som vanleg når skulen starar kl 08.30 til felles velkomst og markering ute.

Nye førsteklasingar kan møte saman med sine foreldre kl 09.00, til mottaking ute. Foreldre med elevlar som skal starte på skulen for fyrste gong er hjarteleg velkomne til å følgje sitt barn på fyrste skuledag.

Skuledagen er ferdig kl 15.00. Da kan dei bli henta av foreldre eller dei tek skyss heim.

Skuleskyss:

Elevlar i 1. klasse som bur 2km unna skulen, får skyss automatisk.

Elevlar frå 2. trinn og oppover som bur 4km unna, får skyss automatisk.

Elevlar som bur med kortare avstand, men som treng skuleskyss på grunn av farleg skuleveg på sommar eller vinterstid må søke via eiga søknadsskjema på Hjordal kommune sine heimesider. Frist for å søke om skyss er 1. April kvart år. Dei som har delt bustad må levere turnus til skulens leiing.

Skyssruta med tider for når ditt barn blir henta og levert får de av sjåføren.

Skuletider:


Måndag: 08.30 – 15.00

Tysdag: 08.30 – 13.30

Onsdag: 08.30 – 15.00

Torsdag: 08.30 – 15.00

Fredag: 08.30 – 13.30



Tilsyn og SFO:

Tilsyn morgon frå: 7.00 – 8.30 (skulestart)

SFO ettermiddag (frå skoleslutt) til 16.30.

Det kjem eiga påmeldingsskjema til tilsyn og SFO i skulesekken for elevlar på 1.-4.trinn. Dersom elevlar i 5. – 7. trinn treng SFO kan du ta kontakt med oss på skulen.

SFO har ein eiga årsplan som blir utdelt til alle dei med plass på SFO.

SFO-leider er Hanne Iren Oseid, og har du spørsmål om SFO kan dei rettast til hennar.

Skulerute 2025-2026 for Hjordal Montessoriskule

Måned	Datoer	Skuledagar
August	Skulestart: måndag 18. august	10
September		22
Oktober	Hautferie: veke 41 (f.o.m. måndag 6. oktober t.o.m. fredag 10. oktober)	18
November		20
Desember	Siste skuledag før jul: fredag 19. desember	15
Januar	Første skuledag etter nyttår: Måndag 5. januar	20
Februar	Vinterferie: veke 8 (f.o.m. måndag 16. februar t.o.m. fredag 20. februar)	15
Mars		20
April	Påskeferie: veke 14 (f.o.m. måndag 30. Mars t.o.m. måndag 6. April)	18
Mai	Fri: 1. mai Fri: 14. mai (Kr. Himmelfartsdag) Fri: 15. mai Fri: 25. mai (2. pinsedag)	17
Juni	Siste skuledag: torsdag 18. juni	14
Sum	2 obligatoriske kveldsarrangement: Totalt:	1 190

Planleggingsdagar for dei tilsette:

- 11.-14. august 2025
- 2. januar 2026
- 19. juni 2026

Hjordal Montessoriskule følger i utgangspunktet skuleruta til Hjordal kommune og Telemark fylkeskommune, men kan avvike.

Skuledag og undervisning:

	Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
SFO	07:00-08:30					
1.økt	08:30-11:30 (08.30-10.30)	Arbeidsøkt 3 timer	Arbeidsøkt 2 timer	Arbeidsøkt 3 timer	Arbeidsøkt 3 timer	Arbeidsøkt 2 timer
Mat	11:30-12:00 (10.30-11.00)	11.30-12.00	10.30-11.00	11.30-12.00	11.30-12.00	10.30-11.00
Friminutt	12:00-13:00 (11.00-11.30)	12.00-13.00	11.00-11.30	12.00-13.00	12.00-13.00	11.00-11.30
2.økt	13:00-15:00 (11.30-13.00)	Arbeidsøkt 2 timer	Arbeidsøkt 1,5 time	Arbeidsøkt 2 timer	Arbeidsøkt 2 timer	Arbeidsøkt 1,5 time
			Friminutt 13.00			Friminutt 13:00
SFO	Skuleslutt til 16:30					

Arbeidsøktene:

Arbeidsøkt 1 før mat, er tysdag og fredag ein to timars økt. På måndag, onsdag og torsdag er 1 økt før mat, ein tre timars økt. I denne økta arbeider elevane med dei fleste teoretiske fag. Her er det rom for sjølvstendig arbeid, presentasjonar av nytt fagstoff frå lærer, og samarbeid mellom elevane. I arbeidsøkt 2 etter mat og friminutt, er det ofte lagt meir praktisk-estetiske fag, som kunst og handverk, musikk, og kroppsøving. Meir detaljert plan kan de sjå på vekebrev som kontaktlærar sender ut kvar veke.

Gruppeinndeling og skulebygg:

Elevar på Hjartdal Montessoriskule er delt inn i aldersblanda grupper på tvers av trinn. Gruppene varierer frå år til år med tanke på gruppestørrelse og faglege omsyn.

Me har klasserom i gamlebygget, der finn du også SFO og sløydsal.

Det er eit klasserom i nybygget, der finn du også gymsal og personalavdeling.

Skulemateriell og utstyr:

Alle elevar får det som dei treng av skulemateriell og utstyr på skulen. Ingen elevar treng å ha med seg pennalhus, då dei har eiga kurv med det som dei treng i klasserommet på skulen. Alle fyrsteklassingar får skulesekk frå trygg trafikk på våren før skulestart.

Det er viktig at de som foreldre sender med klede som eleven treng i løpet av skuledagen. Alle elevane har eiga garderobeplass på skulen, der de kan ha skift og uteklede. Hugs å kle eleven etter vær og årstid, og sjekk at barnet ditt har skiftetøy og innesko. Hugs å merke barnas klede!

Huskeliste:

- Skift med genser, bukse, varme sokkar, truse, t-skjorte, ullundertøy, fleece-dress.
- Regntøy og gummistøvlar
- Gode varme sko.
- Haust/vinterdress, vinterbukse, vinterjakke, buff/hals, lue og to par votter.
- Innesko/gymsko

Leiker, kosedyr, godteri, tyggis og liknande skal ikkje tas med på skulen. Me sett stor pris på om de foreldre hjelper elevane med å få til å legge igjen slike ting heime.

Me er ein mobilfri skule. Det betyr at ditt barn må legge igjen mobiltelefonen sin heime. Dersom ditt barn av ein eller anna grunn må ha med seg mobil på skulen, må de som foreldre ta kontakt med skulen, og eleven må oppbevare telefon hos kontaktlærer. Det same gjeld for smartklokker. Dei må stå i skulemodus i skulen sine opningstider, eller ligge avslått i skulesekken.

Uteskule:

Uteskule er ein del av undervisninga. Dei minste elevane har uteskule ein gong per veke gjennom heile året. Dei eldste elevane har også uteskule enkelte veker i året, og følger aktivitetsplan og «going out» der undervisningsopplegget er ulike aktivitetar som dei reiser på i løpet av skuleåret. Hugs at dei dagane elevane har uteskule er det svært viktig med klede etter været, og at dei har skiftetøy tilgjengeleg i garderoben. I tillegg må dei ha med seg tursekk, sitjeunderlag, niste og drikke. Sjå vekebrev for dagen ditt barn har uteskule.



Symjing:

I løpet av skuleåret har alle elevane på skulen symjing i symjehallen i Seljord. De vil få informasjon på vekebrevet frå kontaktlærar dei vekene ditt barn har symjing. Hugs badetøy, handkle, såpe og skift. Me ynskjer ikkje at elevane har med seg neseclipper, dykkemaske og symjebrikk. Kvart år tek personalet på skulen livredningskurs både ute og i basseng. Me er alltid minst to vaksne + badevakt frå Seljord kommune til stades under symjeopplæringa.

Frukt og mat og helse:

Kvar dag serverast det frukt til elevane på skulen, med fokus på fem om dagen. Dette nyttast som eit mellommåltid i den lange økta før mat.

Alle elevar får noko mat og helse i løpet av året, anten ved matlaging eller baking. I løpet av året er det dei eldste elevane som har mat og helse gjennom kantine i gruppe.

Me er opptekne av at elevane skal ha eit sunt kosthald på skulen og i SFO. Me søker midlar til fisk frå fiskesprell, og har fokus på at elevane skal være i aktivitet i løpet av skuledagen, både i friminutta og i timane.

Økologisk hage:

På Hjørdal Montessoriskule har me laga vår eiga økologiske hage. Kvart vår startar me å plante grønsaker inne i februar/mars. Når det blir varmt nok ute, plantast grønsakene ut i plante-kassene i den økologiske hagen. Grønsakene som veks seg store gjennom sommaren brukast i mat og helse, og som frukt til elevane på skulen.

Sykling:

I løpet av våren i 4. trinn tek elevane på skulen sykkellappen. Dei øver med lærar i dagane før prøva. Me ynskjer at elevar ventar med å sykle til og frå skulen til dei har fått grundig opplæring i sykkel og trafiksikkerheit på skulen. Frå etter sykkelprøva er tatt og i 5, 6 og 7. trinn kan elevane sykle til og frå skulen om dei får lov av foreldre.



Fråvær:

Ved sjukdom, tannlegetime og legetimar ynskjer me at de legg fråværet inn i Transponder som fråværsmelding. Da får alle tilsette på skulen beskjed, og me veit kven som ikkje er på skulen denne dagen. Det er viktig for oss med tanke på sikkerheit. Dersom eleven ikkje har kome til skulen innan kl 9.00, tek skulen kontakt med foreldre for å vere sikker på at det ikkje har hendt dei noko på skulevegen.

Dersom eleven skal ha fri utover dette, må de søke via eiga permisjonssøknad. Skjemaet kan du finne på skulen sin heimeside: www.hjartdalmontessoriskule.com. Kontaktlærer kan gje fri inntil ein dag. Dersom eleven skal vere borte meir enn ein dag må søknadsskjema nyttast.

Råd om fråvær og sjukdom:

Det er ikkje foreldre eller tilsette sitt behov som avgjer om ein elev skal vere heime eller ikkje. Sjuke elevar treng ro for å bli friske. I ei gruppe med barn er det eit høgare aktivitetsnivå, enn det elevane kjenner på når dei er heime. Elevane må vere friske og opplagte for å ta del i alle aktivitetane som skjer i løpet av ein skuledag. Eleven sin allmenntilstand, skal avgjere om dei skal vere heime eller om dei kan på skulen. Feber er eit teikn på at eleven er sjuk. Feber reknast ved temperatur over 38 grader. Barn som har feber skal vere heime, og ha ein feberfri dag før dei kjem tilbake på skulen. Etter norovirus/omgangssjuke og diare, skal elevane vere heime i 48 timer etter siste symptom på grunn av smittefare for andre elevar og deira familie.

Samtykke og helseinformasjon:

Når eleven startar på Hjartdal Montessoriskule samlast det inn samtykke via eit løyveskjema. Der må de som foreldre samtykke til køyring i privatbil, bilete på skulen sin heimeside, utdeling av jod ved ei atomulykke, bilete på skulen sin facebookside, sykling og gi informasjon til skulen om allergiar.

I tillegg innhentar det også inn kontakthinformasjon om elev og føresette som administrasjonen på skulen treng.

Foreldre er ansvarlege for å seie ifrå til skulen om noko skulle endre seg i løpet av skuleåret.

Medisinering:

Dersom eleven treng medisinar i løpet av skuledagen må foreldre fylle ut eiga medisinskjema og levere medisinar til skulen. Skjemaet finn du på www.hjartdalmontessoriskule.com

Hensikten med ei slik rutine er:

- Å sikre at eleven får rett legemiddel til rett tid og på rett måte når dei er på skulen.
- Sikre at skulen har gode rutinar for legemiddelhandtering med tydeleg ansvarsplassering.
- Sikre at personalet har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne ta på seg ansvar for medisinerings.

Ansvarsforhold:

- Foreldre har ansvaret for medisinerings av sine barn
- Dersom legemiddelet må tas på skulen, skal ansvaret overleverast til ein namngitt person på skulen, i ei skriftleg avtale.
- Foreldre har ansvar for at opplysningane på legemiddelet er rett, samt kome med nytt legemiddelkort dersom det er endringar.
- Foreldre har ansvaret for at instruks for akutt medisinerings leverast til skulen.

Forsikring:

Hjordal Montessoriskule har ulykkesforsikring for elevane. Me skriv skademelding og avvik ved ulykker og nesten ulykker. Det skrivast også avvik ved andre uheldige situasjonar og der me ynskjer å endre rutinar.

Samarbeid heim- skule

Me er opptekne av at det skal være eit godt samarbeid mellom heim-skule. I løpet av året holdast det foreldremøte og utviklingssamtaler, der skulen informerer om det faglege, sosiale og skulene sine aktivitetar. Det er også svært viktig for oss at de foreldre les vekebrevet som kjem kvar uke gjennom heile skuleåret. Der står plan for kva ditt barn skal dei ulike dagane i veka. Hjelp ditt barn med å vere forberedt på kva gruppa skal dei ulike dagane. Det kjem ofte beskjedar og informasjon frå skulen via transponder. Det er viktig at foreldre les informasjonen og trykker ok/lest når dei har lest informasjonen frå skulen. Slik veit me at alle har mottatt informasjonen.

Dersom foreldre har spørsmål utover dette, ta gjerne kontakt med oss.

Forventningar til samarbeidet mellom heim-skule og foreldreinnsetts:

Me ynskjer å ha eit godt samarbeid mellom heim-skule, både for kvar enkelt elev og for elevgruppa.

Skulen skal møte deg som forelder med respekt som ein samarbeidspartnar når du tek kontakt med skulen, og du som forelder skal tas med i råd i barnet sin skulekvardag.

Skulen sitt ansvar:

- Gje informasjon om trivsel og læring
- Innkalle til foreldremøte og utviklingssamtaler
- Gje foreldre/føresette medverking og lytte til synspunkt om eleven sin skulekvardag
- Sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen
- Sørge for at elevane lærer det som dei skal på skulen
- ha like reglar for elevane

Me forventar at foreldre deltar på møter og aktivitetar, og at dei aktivt bidrar til at det er eit godt samarbeid med skulen og andre foreldre. Slik blir det eit inkluderande skulemiljø for barna, både på og utanfor skulen.

Foreldre sitt ansvar:

- Lese informasjon frå skulen og holde seg informert om saker og hendingar som påverkar skulekvardagen til barnet.
- Delta på foreldremøte, utviklingssamtaler, avslutningar, dugnad og andre tilstellingar skulen, FAU og elevane inviterer til.
- Hjelp barnet med heimearbeid og oppfølging av skulearbeidet
- Arbeide for eit trygt og godt skulemiljø for alle
- Gje skulen konstruktiv tilbakemelding om ting som omhandlar skulen eller skulekvardagen
- Passe på at barnet har med seg klede og utstyr som det treng i skulekvardagen

Verv i FAU og skulen sitt styre:

Det er ulike verv og oppgåver ved Hjørdal Montessoriskule som det forventast at foreldre stiller til i løpet av skulegangen til sitt barn. Det er til FAU, og til skulen sitt styre. FAU og skolens styre har eiga vedtekter.

- FAU – representant/klassekontakt for eit år av gangen.
- Skulen sitt styre (leder, nestleiar, medlem og vara). Perioden varierer ut ifrå verv.

Elevråd

Skulen har eit elevråd der elevar frå 3.-7. trinn blir valt som representantar av elevane på skulen. Der blir elevane høyrte i ulike saker som påverkar deira skulekvardag.

Nasjonale prøver, kartleggingsprøver og brukarundersøking frå Utdanningsdirektoratet:

Me gjennomfører alle nasjonale prøver og obligatoriske kartleggingsprøver i regi av utdanningsdirektoratet.

Kvart år tek 3. trinn obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og rekning.

Kvart år tar 5. trinn på skulen nasjonale prøver i lesing, rekning og engelsk.

Kvar år tek 7. trinn elevundersøkinga.

I tillegg har skulen eiga kartleggingsplan som me følgjer, for å sjå til at alle elevane har den faglege utviklinga som er ønskeleg.

Intensiv opplæring 1.- 4. trinn:

Nokre gonger er det nødvendig å sette inn ekstra tiltak for enkeltborn eller enkeltgrupper. På skulen kan ein da setje inn tiltak som heiter intensiv opplæring. Som skule har med plikt til å kurse elevar ekstra, dersom me kan sjå at ein elev eller ei elevgruppe ligger bakpå i lesing, skriving eller rekning.

Nokre gonger vil det vere behov for samarbeid med andre instansar om dette, mens andre gonger er dette noko med samarbeider om på skulen og med de heime.

PPT:

Hjordal Montessoriskule har eit godt samarbeid med pedagogisk/psykologisk rådgjevingsteneste (PPT). Dette er eit lågterskeltilbod, og som me har møte med kvar månad. Dei kan og de som foreldre/føresette be om hjelp frå.

Skulehelsetenesta:

Notodden og Hjordal helsestasjon følgjer opp elevane ved skulen, på lik linje med elevar i den offentlege skulen. Dei kjem for å ta vaksiner, samtaler, og har undervisning med gruppene. Dei er tilgjengeleg for elevar og foreldre viss ønskeleg.

Barnevern:

Privatskular har også opplysningsplikt til barnevernet på lik linje som offentlege skular, ved §7-4. *Plikt til å melde frå til barnevernet.* Alle som utfører tenester eller arbeid etter denne lova, skal i arbeidet sitt vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta.

Tidleg innsatsteam:

Alle skuler som ligg i Notodden og Hjordal kommune har eit tidleg innsatsteam. Det er eit lågterskel tilbod for tilsette og foreldre, der ein kan møtast og drøfte ulike saker. I tidleg innsats teamet er skulens leiing, pp-rådgjevar, helsesjukepleier og ein barnevernskoordinator. Ved behov for drøfting kan tilsette og foreldre få hjelp, råd og veiledning i teamet. Saker kan drøftast anonymt eller med samtykke frå foreldre.



Personalet på Hjordal Montessoriskule:

Anne Therese Hundseth – Rektor

Hanne Iren Oseid – SFO-leder/ barn og ungdomsarbeidar

Hilde Busk – Kontaktlærer

Elise Stand Bjørnflaten – Miljøterapeut

Janne Sandodden Hegna – Spesialpedagog/ Montessoripedagog

Vilma Bajoriniene-Triske – Kontaktlærer

Veronika Hansen – Kontaktlærer/Montessoripedagog

Ann Kristin Flatland – Faglærer

Even E. Westeng – Faglærer/Montessoripedagog

Silje Våle – Kantine/ barn og ungdomsarbeidar

Grazina Bucyte – Reinhald

Sara Hagen – Lærling

Kontaktinformasjon:

Hjordal Montessoriskule

Opsalvegen 55

3690 Hjordal

Tlf: 97528978

post@hjordalmontessori.no

Heimeside med informasjon og skjema: www.hjordalmontessoriskule.com